

## Saksprotokoll

### Planprogram for revisjon kommuneplanens arealdel

---

Arkivsak-dok. 18/03630  
Saksbehandler Sander Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	07.02.2019	6/19
2 Kommunestyret	19.02.2019	8/19

---

#### Kommunestyret har behandla saka i møte 19.02.2019 sak 8/19

##### Behandling

Saksordfører: Helge Feet.

Desse hadde ordet: Arealplanleggar Sander Lilleslett svara på spørsmål, Hanne Brunborg (AP), rådmann Hege Mørk hadde ordet og svara på spørsmål. Hanne Brunborg (AP) hadde replikk.

##### Votering

Samrøystes.

##### Vedtak

Planprogrammet bli endra og supplert slik:

I

Planprogrammet blir supplert med:

- Planprogrammet blir supplert med områdeavgrensing, og kva område som er omfatta av kommuneplanens arealdel. Det blir lagt til kart over gjeldande kommuneplan.
- Kapittel 3, 6 og 7 blir supplert med innleiing for å forstå kva kapitla handlar om.
- Kapittel 3.10 blir supplert med *Inngrepsfrie naturområde skal ikkje bli påverka av utbygging.*
- Kapittel 4. Utgreiingsbehov blir supplert med kven som utfører silingsprosessen og KU, og kven som vedtek dei.
- Kapittel 5.3.6 Innspel blir avsnittet Dyrka eller dyrkbar mark supplert med følgjande setning etter 1. setning:
  - a. *Det er heller ikkje ønske om å ta beitemark i bruk som byggeområde.*
- Kapittel 6.1 Nasjonale føringar blir supplert med:
  - *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), datert 2016*
  - *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, datert 20.09.1995, retta 29.06.2016*
  - *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, kunngjort 28.09.2018*
  - *Forskrift om vannforsyning og drikkevann, kunngjort 30.12.2016*
  - *Forskrift om rammer for vannforvaltningen, kunngjort 19.12.2006, retta 14.01.2019*
  - *Nasjonale mål for vann og helse, vedteke 22.05.2014*

- Kapittel 6.2 Regionale føringar blir supplert med:
  - *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, datert 02.11.2015*
  - *Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035, vedteke 14.-15. februar 2018*
- Framdriftsplan blir supplert med:
  - 29.12.2018 *Frist for innspel til planprogram*
  - 17.01.2019 *Behandling av overordna føringar i kommuneplanutvalet*
  - 23.04.2019 *Frist for innspel til sjølve planen*

## II

Følgjande blir endra:

- Kapittel 5.3.6 Innspel blir overskrifta Dyrka eller dyrkbar mark endra til *Jordvern*
- Kapittel 5.4 Skjematisk framdrift blir oppdatert i samsvar med framdriftsplan

## III

Følgjande blir fjerna:

- Kapittel 6.2 Regionale føringar blir følgjande fjerna:
  - *Fylkesdelplan for handel, service og senterstruktur, datert oktober 2003*
- Kapittel 7.3 Andre overordna planar – kommunale temaplanar blir følgjande fjerna då dei står dobbelt:
  - *Risiko og sårbarhetsanalyse, 2017*
  - *Hovudplan for avløp og vassmiljø 2014-2023, vedteke 16.12.2014*

## IIII

Det delegerast til administrasjonen å supplere og endre planprogrammet.